



Det norske reiarlaget SeaDream Yacht Club eig og driv SeaDream skipa.

**To eller fleire prikk like skip vert kalla systerskip. SEADREAM 1 og SEADREAM 2, bygde i 1984 og 1985 i Finland, går på kystcruise denne sommaren og begge skipa er i Rosendal i dag. Skipa kom frå Oslo via Skagen i Danmark og fyrste destinasjon i Noreg er Rosendal. Cruiseskipa tilhøyrrer reiarlaget SeaDream Yacht Club ved Atle Brynstad som eigar.**

Skipa, som er 105 meter lange og har plass til 112 gjester, går med Bahamas flagg og har heimehamn i Nassau. Mannskapet tel 95 og det vert lagt vekt på helse, velvære, spaaktivitetar. Det er høg kvalitet på service og alle fasilitetar.

Det er lagt inn tilsaman 19 stopp i Kvinnherad. To av dagane er begge skipa i hamn på same tid, i dag 29. juni og på 23. juli.



[SeaDream 2 på veg mot Rosendal i dag i 11 tida.](#)

Passasjerane kan velja mellom to typar cruise, eit på 7 dagar og eit på 12 dagar. Begge cruisa startar i Oslo og går anten til Bergen eller til Tromsø med mellomhamner. Rosendal er med på begge cruisa.

I dag kom skipa inn Storsund på ulike tider. SeaDream 1 gjekk framom Uskedalen kl. 07.45, SeaDream 2 kring kl. 11.00. Begge er sett opp med avreise i kveld. Dersom begge skipa går på innsida av Skorpo på same tid, kan det vera eit interessant fotomotiv.

I så fall er det truleg fyrste gongen at to systerskip av denne typen går gjennom Storsund på same dag.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs